Rogaland landbruksselskap
Postboks 59
4001 Stavanger

25. september 2026

Kommunen ved ordførar og landbrukskontor

LANDBRUKET I ROGALAND SIN HEIDERSPRIS 2026

Rogaland landbruksselskap deler årleg ut ein heiderspris. Denne skal gå til ein eller fleire med yrket sitt i landbruket. Fortrinnsvis aktive bønder som siste år, eller i ein periode har gjort ein positiv innsats ut over det ein normalt kan forvente. For 2025 blei prisen tildelt Bernt Terje Høyland frå Lund kommune og Laurits Stokkeland frå Hå kommune.

Vi oppmodar med dette din kommune til å føreslå kandidatar. Styret i Rogaland landbruksselskap avgjer kven som får prisen.

Frist for å sende inn forslag med ei kort grunngjeving er: 25. november 2026. Desse skal sendast Rogaland landbruksselskap, postboks 59, 4001 Stavanger eller til Bente Espedal Halvorsen på e-post bente.halvorsen@statsforvalteren.no

Når styret i Rogaland landbruksselskap vurderer kven som skal få Landbruket i Rogaland sin heiderspris legg dei vekt på at vedkomande utan personleg vinning har gjort ein ekstra innsats innanfor eit eller fleire av kriteria nedanfor:

- Har profilert landbruket på ein positiv måte mot resten av samfunnet.
- Har fremma positive idear for vidareutvikling av bygdene i Rogaland.
- Har vore ei drivkraft i utvikling av ei levedyktig bygd og/eller eit grannelag.
- Er eit føredøme i arbeidet for vidareutvikling av kulturlandskapet.
- Har profilert og i praksis gjennomført si jordbruksdrift med høg miljøstandard og fokus på etikk i fjøs og/eller gris-/fjørfehus.
- Har hjelpt ein yrkesbror eller –søster gjennom ein vanskeleg periode.
- Utviklar nye produkt eller tenester som kan gjere landbruket meir robust.

Heidersprisen består av Rogaland landbruksselskap sin diplom og eit spesielt kunstverk.

Med helsing

Monica Dahlmo
styreleiar for Rogaland landbruksselskap
landbruksdirektør

Vedlegg:
Skjema: forslag til kandidat

FORSLAG TIL KANDIDAT/-AR

Namn: _____

Adresse: _____

Kommune: _____

Kort grunngjeving:

_____

_____

_____

_____

_____

_____

_____

Forslagsstillar: _____

Kommune: _____